



Reglement

for utbyggingsutval for bygg- og vegsaker



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Innhold

I	Val og samansetjing	3
II	Arbeidsområde og mandat.....	3
III	Møte og sekretariat	3

Vedtak i fylkestinget i Møre og Romsdal: sak T-70/19 (14. - 16. oktober 2019) og sak T-77/20 (13. oktober 2020).

I

VAL OG SAMANSETJING

- § 1. Utbyggingsutvalet for bygg- og vegsaker er oppretta med heimel i sak T 29/19 i Møre og Romsdal fylkesting den 17. juni 2019.

Utvalet skal ha 5 medlemmer. Alle dei 3 hovudutvala bør ha minst eitt medlem i utbyggingsutvalet.

Kvart medlem skal ha 3 personlege varamedlemmer i rekkefølge. Fylkestinget vel leiar og nestleiar for den fylkeskommunale valperioda.

II

ARBEIDSOMRÅDE / MANDAT

- § 2. Utbyggingsutvalet er eit rådgjevande utval, og skal:

- Halde seg orientert om vedtekne prosjekt gjennom jamleg og systematisk rapportering om mellom anna prosjektmål, økonomi og framdrift i heile prosjekt perioden.

- Vere samspelspartner med prosjekteigar i ulike problemstillingar som kjem opp
- til dømes prioriteringsspørsmål vedkomande tiltak som det er aktuelt å ta ut eller gjere tilleggskjøp på, kvalitetsval m.m.

- Gje tilråding til overordna politiske organ i aktuelle saker i høve til byggereglementa.

III

MØTE OG SEKRETARIAT

- § 3. Utbyggingsutvalet blir innkalla etter fastsett møteplan, og med rimeleg frist. Innkallinga, saman med saksdokumenta, skal sendast faste medlemmer og varamedlemmer.

Utvalet kan elles innkallast når leiaren eller to av medlemmene krev det, jf. kommunelova § 11-2.

Når vilkåra etter kommunelova § 11-7 og § 11-8 er til stades, kan utbyggingsutvalet for bygg- og vegsaker ta avgjerd ved

- 1) - fjernmøte
- 2) - skriftleg saksbehandling

Avgjerd om dette blir gjort av leiaren i kvart einskild høve.

- § 4. Utvalet er vedtaksført når minst halvparten av medlemmene er til stades, jf. kommunelova § 11-9.

- § 5. Det skal førast møtebok jf. kommunelova § 11-4.
- § 6. Sekretariatsfunksjonen skal liggje til fylkesdirektøren.

**Besøksadresse**

Møre og Romsdal fylkeskommune
Julsundvegen 9
6412 Molde

Postadresse

Møre og Romsdal fylkeskommune
Postboks 2500
6404 Molde

Telefon: 71 25 80 00**Mail:** post@mrfylke.no**Web:** mrfylke.no

Møre og Romsdal
fylkeskommune